

# FOLKEHØGSKOLERÅDET

---

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolene  
Folkehøgskoleorganisasjonene  
Folkehøgskolebladene

J.nr.228/06/Rundskriv

Oslo 6.11.06  
FHSR-rundskriv 25/06

## OPPHALDSPENGAR SKOLEÅRET 2007/2008

Vedlagt følger vurderingar Økonomiutvalet har gjort for Folkehøgskolerådet med omsyn til prisutviklinga siste året i høve til utgifter for kost og losji. Folkehøgskolerådet sender ikkje ut ei tilråding om minsteprisar, men ei oversikt over prisutviklinga, dette av omsyn til dialog med konkurransetilsynet.

Folkehøgskolerådet vil også gjere merksam på at nokre elevar som ber om spesiell diett har utvida økonomisk støtte av denne grunn.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Lars Sigve Meling /s/  
-leiar-

Odd Arild Netland /s/  
-sekretær-

## Opphaldspengar skuleåret 2007-08

Økonomiutvalet har vurdert prisutviklinga i samfunnet siste året i høve til utgifter for kost og husrom. Konsumprisindeksen har auka med 1,9% frå 15. aug 2005 til 15.aug 2006. Utvalet meiner det vil vera fullt forsvarleg å auka prisane med 3% for 2007-08. Ein tar då med ein ekstra auke i lønnskostnader (som i perioden var 3,5-4%)

	Skular som 2006-07 nytta:	Endra utgifter for 2007-08:
Kost og husrom	<b>42 200</b>	<b>43 500</b>
Innm.pengar	<b>1 050</b>	<b>1 080</b>
Elevar som bur utanom internat	<b>5 750</b>	<b>5 920</b>
Utleige, døgerpris, vanlege kurs:	<b>390</b>	<b>402</b>
Utleige, døgerpris, enklare kurs *:	<b>235</b>	<b>242</b>
Gjestepris: **	<b>63</b>	<b>65</b>
Råkostpris: ***	<b>42</b>	<b>43</b>

Det kan også vera av interesse å vita at i 2006-07 tar skulane i gjennomsnitt:

Kost og husrom:	46 083
Innm. pengar:	1 108

\* Utleige, enklare kurs: Denne prisen forutset overnatting på rom der kursdeltakarane sjølv gjer reint, ryddar rommet, event. overnatting på sal; eige sengetøy, hjelpe til i matsal, servering og rydding.

\*\* Gjestepris per elev/døger ved innkvartering ved andre folkehøgskular

\*\*\* Råkostpris: Sats for refusjon av kostpengar til eigne internatelevar ved turar etc. per døger.

Gjeld elevar, elevgrupper og skular som må/vil nytta andre skular som innkvartering i samband med prosjekt, ved gjennomreise eller anna opphald som blir avtalt på førehand dersom skulane har slik kapasitet.